



Retningsliner for bruk av kommunalt næringsfond og RDA midlar

Forslag til endring lagt fram for næringsfondsstyret i møte....

§ 1. Fondet sin forvaltning

Kommunestyret vel styret for næringsfondet og delegerer avgjerdsmynne i innkomne søknader til kommunalt næringsfond og RDA midlar til næringsfondsstyret etter innstilling fra rådmannen.

Dei føresetnadane som er gjevne i tildelingsbrev og statlege retningsliner, skal leggast til grunn for tildeling frå fondet. Tidelte midlar skal plasserast på renteberande konto og rentene skal førast tilbake til fondet.

Alle søknadar skal vere skriftlege og på fastsett skjema.

§ 2. Møteform

I prinsippet er møta opne.

Søknader frå enkelpersonar eller bedrifter som inneheld personlege opplysningar, bedriftshemmelegheiter og liknande, skal behandlast unntatt for offentlegheita jf. § 13 i forvaltningslova.

§ 3. Støtteformål

Kommunalt næringsfond og RDA midlar skal nyttast til å fremme etablering av ny næringsverksemd og til vidareutvikling av eksisterande bedrifter. Tilskot til infrastrukturtiltak kan berre gjevast av RDA midlar.

Prosjekt som bidreg til å betre sysselsettingstilhøva for kvinner og ungdom skal prioriterast. Det kan gjevast støtte til bedriftsutvikling som for eksempel etablerarstipend, opplæring, produktutvikling, marknadsføring, marknadsundersøkingar og planlegging. Likeeins til investeringar i bedrifter. Det skal ikkje gjevast tilskot til gjeldssanering, driftstilskot til bedrifter, eller til ordinære kommunale oppgåver. Ved tilskot frå næringsfondet/RDA midlar, skal det takast omsyn til eventuelle tilskot frå andre offentlege tilskotsordningar.

§ 4. Støtteformer

Økonomisk støtte frå næringsfondet skal gjevast som tilskot. Midlane kan ikkje nyttast til lån eller garantiar til næringslivet. Det er ikkje høve til å nytte fondet sine midlar til å teikne aksjar til privat næringsverksemd.

§ 5. Støttevilkår

Det er eit vilkår at bedriftene har verksemda si i Gjemnes kommune.

Støtte frå næringsfondet skal gå til bedrifter og/eller nyetablerarar som skaper nye, eller sikrar eksisterande arbeidsplassar. Kommunen kan ikkje sjølv stå som søker på kommunalt næringsfond.

Alle som søker må legge fram skatteattest før søknaden blir handsama.



GJEMNES KOMMUNE

Både tilretteleggande og bedriftsretta tiltak kan støttast med inntil 50% tilskot **av godkjent kostnadsoverslag**.

I særlege tilfelle ved nyetableringar kan høgare sats vurderast.

Etablerte bedrifter får normalt 30% støtte til investering i maskiner og utstyr.

Dokumentert kostnads- og finansieringsplan skal ligge ved søknaden.

§ 6. **Prosjekta sitt kapitalbehov.**

Det er ingen øvre grense for kostnadsstørrelse på bedriftsretta tiltak, men tilskotsbeløpet er avgrensa oppover til kr. 150.000,-

Investering med kapitalbehov under kr. 10.000,- faller utanfor ordninga.

Det skal som hovedregel ikkje gjevast støtte til prosjekt som er oppstarta før søknaden er sendt næringsfondet. Det skal ikkje gjevast støtte til prosjekt som er ferdig eller investert på søknadstidspunktet.

§ 7. **Utbetaling av tilskot**

Oppmøding om utbetaling av tilskot må skje innan utgangen av fristen som blir fastsett på tilsegnsbrevet. Fristen kan etter søknad forlengas av rådmannen.

Før tilskot blir utbetalt, skal det settast krav om dokumentert prosjektrekneskap. For tilsegn over kr. 100.000,- er det krav om revisorattestert prosjektrekneskap.

§ 8. **Innrapportering**

Dei som mottek tilskot over kr. 20.000,- fra næringsfondet, må sende inn evalueringsskjema innan 1 år etter at midlane er utbetalte.

§ 9. **Fullmakt**

Ordføraren får fullmakt til å gje tilskot til prosjekt/tiltak med ei kostnadsramme på inntil kr. 50.000,- i kvar enkelt tilfelle.

Desse sakene blir førebudd på vanleg måte og går som melding til styret.

§ 10. **Tilbakebetaling av tilskot**

Det er ein klar føresetnad at maskiner/utstyr og liknande, som det blir gjeve tilskot til, blir i bedrifta og ikkje blir seld/avhenda før etter 5 år. I motsett fall, kan Gjemnes kommune krevje støttebeløpet heilt eller delvis tilbakebetalt.

§ 11. **Klage**

Vedtak i næringsfondet kan påklagast til kommunen sitt klageorgan som er formannskapet. Skriftleg, grunngjeve klage skal sendast til Gjemnes kommune v/rådmannen innan 3 veker frå melding om vedtak er motteke.

§ 12. **Strategiar for næringsutvikling**

Strategisk næringsplan og kommuneplan for Gjemnes kommune skal ligge til grunn for fondet sitt arbeid.

§ 13. **Årsmelding og rekneskap**

Administrasjonen skal kvart år utarbeide ei melding om bruken av næringsfondet. Årsmeldinga går til kommunestyret som melding.

POSTADRESSE 6631 BATNFJORDSØRA	TELEFON 71 29 11 11	TELEFAX 71 29 11 99
-----------------------------------	------------------------	------------------------



GJEMNES KOMMUNE

**Vedtatt av kommunestyret den 23.10.2012 i sak 78/12
Med revisjon av næringsfondsstyret den 29.04.-16 i sak 10/16**